



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** Teamsmøte,

**Dato:** 05.12.2025

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
AU 31/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 32/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 33/25	Referatsaker		
AU 34/25	Orienteringssaker		
AU 35/25	Innmelding av behov for tiltaksmidler for 2026		2025/12404
AU 36/25	Handsaming av budsjett for verneområdestyret 2026.		2025/12270
AU 37/25	Eventuelt		



Arkivsaksnummer: 2025/12404

Saksbehandlar: Alf Odde

Dato: 02.12.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	35/25	05.12.2025

## Innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2026

### Forvaltar si innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder AU i Verneområdestyret for SVR inn følgjande behov for tiltaksmidlar for 2026.

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttemark, Hisdal	Hisdal NR/Bykle	65.000
2.	Skjøtsel slåttemyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	40.000
3.	Skjøtsel slåttemark, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	50.000
4.	Skjøtsel slåttemyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	35.000
5.	Fjerning av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	20.000
6.	Skjøtsel slåttemyr, Flottstøylmyra	Hovden/Bykle	35.000
7.	Brenning og rydding, Fidjastølen	Frafjordheiane/Gjesdal	60.000
<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>			<b>305.000</b>
<u>Nye skjøtselstiltak</u>			
8.	Evaluering av skjøtsel, Stovo	Dyraheio/Suldal	40.000
9.	Evaluering skjøtsel, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	40.000
<i>Sum nye skjøtselstiltak</i>			<b>80.000</b>
<u>Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar</u>			
10.	Oppsetting infoskilt Fundingsland	Nordraheia/Hjelmeland	15.000
11.	Oppsetting infoskilt Kvanndalen	Kvanndalen/Suldal	10.000
12.	Opprydding infopunkt Håhellervatn	SVR/Sirdal/Valle	15.000
13.	Informasjonsskilt Håhellervatn	SVR/Sirdal/Valle	80.000
14.	Informasjonsskilt Ådneram	SVR/Sirdal	80.000
15.	Informasjonsskilt Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	120.000
16.	Info- og sikringstiltak, Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	30.000
17.	Restaurering av Gurostien	SVR/Sirdal/Valle	50.000
18.	Infoskilt om solblom ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	20.000
19.	Infoskilt Urevassvegen	SVR/Bykle	15.000

Sum tiltak på innfallsportar

435.000

**Total sum**

**820.000**

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

AU skal i denne saka ta stilling til kva for behov for tiltaksmidlar som skal meldast inn for 2026.

Miljødirektoratet har i brev frå 27.10.2025, bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidlar for 2026. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10.01.2026. Det skal meldast inn behov med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast.

I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2026-2030» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke truslar mot verneverdiane
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Besøksforvaltningstiltak i verneområder med høgt besøkstrykk
5. Besøksforvaltningstiltak i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltninga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 12.11.2025. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2025 sesongen, og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av ulike feltoppgåver vart drøfta. SNO har ikkje klart å gjennomføre alle feltoppgåvene som vart bestilt frå SVR i perioden 2022-2025. Dette skyldast at lokalt SNO personell har hatt omfattande oppgåver med rovvilt og overvaking av villrein langs E134, samt at ei SNO stilling delvis har vore ubesett. SNO gjorde og merksam på at den vanskelege ressursituasjonen ville halde fram i 2026, og at dette ville medføre mindre tid til oppgåver i SVR. Det vil likevel bli satt av nok ressursar til dei viktigaste kontrolloppgåvene i verneområda.

Rutinane for bestilling av oppdrag frå SNO har blitt endra. Innmeldinga skjer nå gjennom Naturoppdrag og vart gjort i etterkant av bestillingsmøte. Samanlikna med tidlegare har det blitt bestilt få oppdrag frå SNO, og berre oppdrag som går på kontroll, tilsyn og mindre kartleggingar. Under kjem ei oversikt over kva for oppdrag som er bestilt for 2026.

### Oppdrag

### Verneområde

### Kommune

#### Tilsyn og kontroll

Kontroll av arrangementet Heliboogie på Kjerag	Frafjordheiane	Sandnes
Kontroll av ATV bruk og køyresleper	SVR	Hægebostad
Kontroll av dronebruk, slitasje og forsøpling på Kjerag	Frafjordheiane	Sandnes
Kontroll av dronebruk ved Månafossen	Frafjordheiane	Gjesdal
Kontroll av oppkøyringstidspunkt for Sloarosløypa	SVR	Bykle

### Skjøtsel og tilrettelegging

Oppsetting av nye løveskilt	SVR	Åseral, Kvinesdal, Hægebostad
Innlegging av gamle løveskilt i naturoppdrag	Alle	Alle
Kartlegging av behov for nye løveskilt	Alle	Alle

### Naturvegledning og informasjon

Orienteringar til verneområdestyret på styremøte og synfaringar	Alle	Alle
Oversikt over villreinkryssingar av RS 9	Hovden	Bykle

## Vurdering

Forvaltningssekretariatet har hatt kontakt med kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriterer av tiltak i 2026. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidlar for 2026-2026 er svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2026 blir det sjuande året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det femte året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av attståande tiltak i Besøksstrategi for SVR, vil tiltak på innfallsportane Kjerag, Ådneram og Håhellervatnet bli prioritert. Om vi får midlar til tiltaka vi ønskjer å gjennomføre, vil skiltplanen i besøksstrategien være oppfylt etter 2026 sesongen. Til saman sju pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2026. Det er og lagt opp til evaluering av to av skjøtselstiltaka i 2026.

Det er lagt opp til å melde inn 19 tiltak for til saman kr 820.000,-. Det er svært vanskeleg å vurdere kor stor tildelinga frå Miljødirektoratet vil bli for 2026. For 2021 var tildelinga på kr 900.000,-, mens den var på kr 1.500.000,- for 2022, kr 1.000.000,- for 2023 og kr 800.000,- for 2024 og 2025. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering er det likevel viktig og signalisere ovanfor Miljødirektoratet at det er stor aktivitet i SVR, og at det er behov for mykje tiltaksmidlar. Samstundes må ein være litt tilbakehalden med å sette i gang fleire tiltak enn det ein kan klare å gjennomføre.

Det leggst opp til at verneområdestyret skal foreta den endelege prioriteringa av tiltaksmidlane etter at den økonomiske ramma blir kjent i februar.

### Nærare beskriving av aktuelle tiltak i 2026

#### 1. Skjøtsel av slåttemark, Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2019. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2020, 2021 og 2022 vart gjennomført i tråd med desse. I 2022 overtok SVR ansvaret for eit anna skjøtselsprosjekt i Hisdal frå Statsforvalteren i Agder. Frå 2023 vart desse to prosjekta sett i samanheng. I 2024 vart det gjennomført ei synfaring i lag med grunneigaren som står for slått, og slått i 2025 vart justert.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 65 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.

## 2. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyråheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått, vart gjennomført i 2017-2021 i tråd med denne. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste svært positive effektar av skjøtselen. Skjøtselen blir derfor vidareført i samsvar med planen og råda frå evalueringa.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

## 3. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne har det frå 2014 vore gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd. I 2021 vart det gjennomført ei evaluering som viste eit behov for ei utviding av arealet som bør skjøttast. Skjøtselen vart derfor utvida i 2022 i samsvar med råda frå evalueringa. Denne skjøtselen som og inkluderer brenning vart gjennomført i 2023-2025 og vil bli vidareført i 2026. Dette er viktig for å ta vare på ein lokalitet med den kritisk truga arten solblom.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til slått på Mån.

## 4. Skjøtsel av slåttemyr, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøtselsplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkanten av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttemyra. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018, 2019, 2020 og 2021. I 2022 vart skjøtselen evaluert og i tråd med evalueringa blir nå halve arealet slått kvart år i 2022-2025. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det var stort behov for bekjemping av denne, og dette tiltaket vart gjennomført i 2019, 2020 og 2021. Tiltaket har vist gode resultat og vil bli vidareført i eit litt mindre omfang i 2026.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 35 000 kr til skjøtselen av slåttemyra på Øyastøl.

## 5. Fjerning av parkslidrekne, Nordraheia NR, Hjelmeland kommune

Sommaren 2021 kom det inn dokumentasjon på et ein relativt stor bestand av den svartelista arten parkslidrekne, hadde etablert seg på den tidlegare innmarka på den nedlagte husmannsplassen Følekammene i Nordraheia naturreservat. Denne bestanden må fjernast med ein gong før den spreiar seg vidare. Det leggast opp til å leige inn arbeidshjelp i tillegg til noko eigeninnsats. Det vart fjerna parkslidrekne fire gongar i vekstsesongane i 2022-2025. Førekomsten av parkslidrekne er nå kraftig redusert, og ein reknar med at bekjempinga er gjennomført etter 2026 sesongen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20.000 kr til fjerning av parkslidrekne i Nordraheia.

## 6. Skjøtsel av slåttemyr, Fløttstøylmyra, Hovden, Bykle kommune

Skjøtselsplan utarbeidd i 2010 og evaluert i 2020. I 2022 overtok SVR ansvaret for skjøtselen av Fløttstøylmyra frå Statsforvalteren i Agder. Denne skjøtselen vart gjennomført i 2022-2024 og vil bli vidareført i 2025.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 35 000 kr til denne skjøtsel av slåttemyr på Fløttstøylmyra.

### 7. Brenning og rydding ved Fidjadalen, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeida skjøtseisplan for områda ved Blåfjellenden, og i tråd med denne har det frå 2015 vore gjennomført brenning og rydding. Særleg i 2024 vart det utført brenning i eit relativt stort omgang. Område er prega av attgroing og det er behov for brenning og rydding av bjørkekratt og bjørkeskog for å oppretthalde landskapsbilete og betre beitetilhøva for rype og sau. Det er lagt opp til omfattande brenning og rydding i 2025 og 2026 og det søkast nå om støtte til gjennomføring av prosjektet. Det er grunneigarane i område som står for skjøtselen.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 60 000 kr til brenning og rydding i Fidjadalen.

### 8. Evaluering av skjøtselstiltak på Stovo, Dyraheio, Suldal kommune

Etter skjøtseisplanen skal skjøtselen evaluerast kvart fjerde år. Etter sist evaluering i 2021 var skjøtselen noko justert, og effekten av desse justeringane må nå evaluerast.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40.000 kr til evaluering av skjøtsel på Stovo.

### 9. Evaluering av skjøtselstiltak på Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Etter skjøtseisplanen skal skjøtselen evaluerast kvart fjerde år. Etter sist evaluering i 2021 var skjøtselen noko justert og utvida, og effekten av desse justeringane må nå evaluerast.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40.000 kr til evaluering av skjøtsel på Mån.

### 10. Oppsetting av informasjonsskilt, Fundingsland, Vormedalsheia, Hjelmeland kommune

Informasjonsskilt og tilhøyrande skiltplakatar til startpunktet på Fundingsland er allereie klare, og berre oppsetting står att.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 15.000 kr til oppsetting av skilt på Fundingsland.

### 11. Oppsetting av informasjonsskilt, Kvanndalsdammen, Kvanndalen, Suldal kommune

Informasjonsskilt og tilhøyrande skiltplakatar til startpunktet på Kvanndalsdammen er allereie klare, og berre oppsetting står att.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 10.000 kr til oppsetting av skilt på Kvanndalsdammen.

### 12. Opprydding på informasjonspunktet ved Håhellervatnet, SVR, Sirdal og Valle kommunar

Det er behov for ei større opprydding på informasjonspunktet ved Håhellervatnet. Gamle skilt frå fleire aktørar må fjernast. Det same gjeld den digitale informasjonstavla som ikkje fungerer.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 15 000 kr til opprydding ved Håhellervatnet.

### 13. Informasjonsskilt på informasjonspunktet ved Håhellervatnet, SVR, Sirdal og Valle kommunar

Håhellervatnet er utpeika som innfallsport i besøksstrategien. I 2026 legg SVR opp til å sette opp seks store (1000x700 mm) vegghengte skilt på toalettbygget.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt ved Håhellervatnet.

#### 14. Informasjonsskilt på Ådneram, SVR, Sirdal kommune

Ådneram er utpeika som innfallspurt i besøksstrategien. I 2026 legg SVR opp til å sette opp to store (2200x950 mm) informasjonsskilt ved Fjellbutikken.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt på Ådneram.

#### 15. Informasjonsskilt på Øygardsstøl, Frafjordheiane, Sandnes kommune

Øygardsstøl er utpeika som innfallspurt i besøksstrategien. I 2026 legg SVR opp til å sette opp tr store (2200x950 mm) informasjonsskilt på parkeringsplassen til Kjerag.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 120 000 kr til informasjonsskilt på Øygardsstøl.

#### 16. Informasjons- og sikringstiltak på turstien til Kjerag, Frafjordheiane, Sandnes kommune

Stien til Kjerag blir brukt av ca 60.000 fotturistar kvart år. Det er ein del slitasje i siste stigninga opp til Kjeragplatået. Her har det blitt etablert ein «snarveg» utanfor den etablerte stien. Det er behov for informasjonsskilt og kjetting for å motverke dette. Stavanger turistforening vil stå for den praktiske gjennomføringa. Skilting vart gjennomført i 2025, men det er behov for fleire skilt og noko fysisk sikring med kjetting.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til informasjons- og sikringstiltak ved Kjerag.

#### 17. Restaurering av «Gurostien», SVR, Sirdal og Valle kommunar

«Gurostien» er ein såkalla «carwalk» ut frå innfallspurt ved rasteplassen på Håhellervatnet. Stien har vore etablert i fem år, og det er behov for ei mindre omlegging og nokre tilretteleggings- og sikringstiltak i form av steinsetting og rekkverk. Gjennomføring av tiltaket vil truleg skje i eit samarbeid med SNO sin «Stiskole».

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til restaurering av «Gurostien».

#### 18. Informasjonsskilt om solblom på Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Solblomlokaliteten på Mån har mykje besøk, og det er behov for å informere om kvifor eit mindre areal er gjerda inne.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20 000 kr til utarbeiding og oppsetting av informasjonsskilt på Mån.

#### 19. Informasjonsskilt ved Urevassvegen, SVR, Bykle kommune

Det er behov for å informere om ferdselsrestriksjonssonene i område

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 15 000 kr til utarbeiding og oppsetting av informasjonsskilt ved Urdevassvegen.



Arkivsaksnummer: 2025/12270

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 02.12.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	36/25	05.12.2025

## Handsaming av budsjett for verneområdestyret 2026.

Vedlegg:

- 1 Budsjett verneområdestyret 2026\_AU 051125
- 2 Kartleggingar i SVR for 2026

### Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet vedtekt budsjett for verneområdestyret 2026 slik det går fram av vedlegg 1 i saka.

I tråd med vedteken delegasjonsreglement kan verneområdeforvaltar i samråd med styreleiar omdisponere midlar post 21 (drift av verneområdestyret, grunnstøtte, forvaltningsplan) og post 31 (tiltak i verneområde) innanfor rammer gjeven av Miljødirektoratet.

Arbeidsutvalet ber om at det i første styremøte på hausten vert lagt fram ein oversikt over den økonomiske stoda.

For 2026 vert det søkt om kr. 265 000 frå post 21 midlar til ulike kartleggingstiltak i samband med revisjon av forvaltningsplanen. Om Miljødirektoratet opnar for bruk av post 31 midlar til registrering av ferdsel som villreintiltak, får forvaltningssekretariatet fullmakt til å søke slik finansiering.

--- slutt på innstilling ---

### Saksopplysninger

Arbeidsutvalet skal i denne saka vedta budsjett for drift av verneområdestyret 2026 (post 21, prosjekt M1547). Tildelinga dei siste åra har ligge stabilt på kr. 650 000 slik det er søkt om. Av dette er kr. 100 000 grunnstøtte som skal nyttast til drift og vedlikehald av informasjonstavler, natursti, nettsider, programvare, domene o.s.b.

Forslag til budsjett 2026 og førebels rekneskap for 2025 går fram av vedlegg 1. Det er inga skarpt skilje mellom *grunnstøtte* og pengar til *drift av verneområdestyret*. Dette er difor slått saman i budsjettforslaget.

I forslaget til budsjett er det lagt opp til at om lag kr. 25 000 kan nyttast til driftsutgifter for forvaltarane (reise, overnatting, arbeidstøy o.s.b).

Som for 2025 legg forvaltar opp til at det for 2026 vert søkt om post 21 midlar til kartlegging i samband med revisjon av forvaltningsplan. Aktuelle kartleggingstiltak er kartlegging av hekkelokalitetar for hubro, sauetail og fordeling på beiteareal, samt ferdselsregistreringar på anleggsvegar og merka løyper. Totalt vert det søkt om kr. 265 000 til slik kartlegging. Tiltaka og kostnadane er nærmare omtala i vedlegg 2.

Miljødirektoratet har signalisert at det vil bli mogleg å søke om midlar til villreintiltak som post 31 midlar for 2026, men retningslinjer for kva for tiltak det kan søkast om er ennå ikkje klare. Om bruk av slike midlar omfattar ferdselsregistrering vil det vera aktuelt å heller søke post 31 midlar for dette i staden for bruk av post 21 midlar.

## **Vurdering**

Arbeidsutvalet vedtek budsjett for verneområdestyret 2026 slik det går fram av vedlegg 1 i saka.

For 2026 vert det i tillegg søkt om kr. 265 000 til kartlegging slik det går fram av vedlegg 2 i saka.

**Budsjett verneområdestyret for SVR 2026 inkludert grunnstøtte.****Post 21 midler, prosjekt M1547**

Konto	Namn	Regnskap pr. 29.11 2025	Gjenstår 2025	Budsjett 2026
5300	Styrer, råd og utvalg	224 720	2 000	240 000
5330	Honorarer	18 793		25 000
5400	Arbeidsgiveravgift	36 480		45 000
5900	Gaver til ansatte (blomster og andre gaver)	700		1 000
6420	Leie av datasystem (årlige lisenser m.m.)	1 512		2 500
6450	Leie av biler	2 400	3 200	10 000
6460	Leie av andre transportmidler			15 000
6510	Verktøy og lignende		110 000	29 000
6570	Arbeidsklær og verneutstyr	6 237	7 000	10 000
6780	Kjøp av andre fremmede tjenester	10 305	57 547	50 000
6860	Møter eksterne	90 706		120 000
6900	Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	4 380	4 500	10 000
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	57 319		75 000
7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	7 600		10 000
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	4 452		7 000
7151	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	150		500
<b>SUM</b>		<b>465 753</b>	<b>184 247</b>	<b>650 000</b>
			<b>650 000</b>	

# Kartleggingar i SVR for 2026

## Supplerande kartlegging av hekkelokalitetar for hubro

Hubro har status som sterkt truga i norsk raudliste for artar. I dei lågareliggande delane av verneområda i Rogaland og Agder er det registrert eit fåtal aktive territorium. I tillegg ligg det føre ein del eldre registreringar i desse områda, og kartleggingar gjort dei siste åra (2022-2024) viser at nokre av desse framleis er aktive. SVR ønskjer derfor å systematisk kartlegge desse territoria, og med det omfanget vi har lagt opp til vil kartlegginga være slutført i 2027. Kvar hekkelokalitet for hubro er svært verdifull og må beskyttast. Kunnskap om aktive territorium er derfor svært viktig i handsaminga av dispensasjonssøknadar, og ein nødvendig del av kunnskapsgrunnlaget for revideringa av forvaltningsplanen for SVR.

### Eigne kartleggingar

Utsetting og innhenting av lytteboksar, analyse av lydfilet, kort rapport

#### **Kartlegging Vormedalsheia**

1 lokalitet, 2 dagar a kr 1000,- 2000,-

#### **Kartlegging Åseral**

3 lokalitetar, 6 dagar a kr 1000,- 6000,-

### Kartleggingar i SVR og Frafjordheiane

Nye registreringar ved tre kjente lokalitetar 40.000,-

Utsetting, innhenting, analyse, kort rapport, innlegging i Rovbase

Kan bruke Odd Undheim som i 2026

**Sum hubrokartleggingar 48,000,-**

### Kartlegging av beiteareal og sauetal

Talfesting av tilgjengeleg beiteareal og konsentrasjon av beitedyr i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

I uttalen til tiltaksplanen for Setsdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder etterlyste verneområdestyret eit betre kunnskapsgrunnlag om korleis beitetrykk frå sau påverkar villrein og om samspelet mellom sau og villrein. Som ein forsiktig start på betring av kunnskapsgrunnlaget er det ønskjeleg å få ein betre oversikt over mengde beitedyr og korleis desse er fordelt innan verneområdet. Noko tilsvarande vart gjort av NIBIO (då Skog og Landskap) attande i 2007 men nå er det ønskjeleg å ta for seg eit litt større område.

Kostnadar til rapport frå aktuelt konsultentselskap

**80.000**

## Ferdelsregistreringar

I Klima- og Miljødepartementets framlegg til tiltaksplan for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder (tiltak 36, s. 32), vart Verneområdestyret for SVR til delt ansvaret for å kartlegge påverknad frå anleggsvegar. Ein reknar ikkje med at dette tiltaket blir endra i den vedtekte utgåva av tiltaksplanen. Tiltak 36 skisserer ferdselsteljingar på til saman 12 anleggsvegar og båtutsett. Teljingane vil i hovudsak gjelde motorferdsel med bil, men og ferdsl med sykkel på dei vegane dette er aktuelt. I departementet sitt oppsett blir det lagt opp til teljingar på til saman 20 teljepunkt

I møte på Geilo 26-27.11.2025, om organisering av arbeide med evaluering av gjennomførte tiltak etter tiltaksplanane, oppmoda NINA v/Vegard Gundersen til at det alt i 2026 vart gjennomført omfattande teljingar av ferdsla på anleggsvegar for å sikre eit godt bilete av bruken før tiltak blir iverksett.

For verneområdestyret vil resultatane frå slike teljingar og utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag i den daglege sakshandsaminga, og i arbeide med revidering av forvaltningsplan og besøksstrategi.

Verneområdestyret har derfor sett av personellressursar til den praktiske gjennomføringa av slike ferdselsteljingar i 2026. Den avgrensande faktoren for omfanget av ferdselsteljingar vil derfor være midlar til innleige/innkjøp av ferdselsteljarar. Ei praktisk gjennomføring det verneområdeforvaltarane står for utsetting og innhenting av ferdselsteljarane, ofte i samband med andre arbeidsoppgåver, er svært kostnadseffektivt. Utgiftene blir gjennom dette i hovudsak avgrensa til innleige av teljarar og NINAs arbeid med avlesing og kvalitetssikring av teljardata.

Verneområdestyret håpar derfor på ei større tildeling til gjennomføring av ferdselsteljingar for 2026.

## Vinter - skiløyper

Teljarkasser, med to teljarar i kvar. Til saman 6 kasser / 12 teljarar

Leige frá NINA, 12 teljarar, kr 5.000,- pr stk	60.000
Utsetting/innhenting, 4 dagar a kr 1000,-	4.000
<b>Sum teljingar vinter</b>	<b>64.000</b>

Ljosland  
 Bortelid  
 Josephsbu nord  
 Josephsbu sør  
 Hardingskardet  
 Krossloskardet

### Barmark – fotturistar på stiar

Personteljarar. Til saman 5 (10) stk	
Leige frá NINA, 10 teljarar, kr 5.000,- pr stk	50.000
Utsetting/innhenting, 6 dagar a kr 1000,-	6.000
<b>Sum teljingar barmark</b>	<b>56.000</b>

Storevassdammen-Hovatn  
 Storevassdammen-Storsteinen  
 Krokvatna (Stavskar – Bossbu)  
 Kolsvatn (Bossbu – Svartenut)  
 Skammevatnet (Bossbu-Kringlevatn)

### Anleggsvegur

Bilteljarar, 18 stk	
Sykkelteljarar, 15 stk	
Leige frá NINA, 33 teljarar, kr 5.000,- pr stk	165.000
Utsetting/innhenting, 12 dagar a kr 1000,-	12.000
<b>Sum teljingar anleggsvegur</b>	<b>177.000</b>
<b>Sum ferdselsteljingar</b>	<b>297.000</b>

Holmavassvegen, 4 teljarar (2 bil og 2 sykkel), teljepunkt i Sæbyggedalen og Sandvatnet for både bil og sykkel

Vatndalsvegen, 2 teljarar for bil, teljepunkt i Uraråjuvet og før Ormsaosen

Førsvassvegen (Langesæ), 2 teljarar (1 bil og 1 sykkel), teljepunkt vest for Førsvassdammen

Blåbergdalsvegen, 4 teljarar (2 for bil og 2 for sykkel), teljepunkt før Grytdalen og etter Nyastølen

Votnavegen, 2 teljarar (1 bil og 1 sykkel)

Kaldevassvegen, 2 teljarar (1 bil og 1 sykkel), teljepunkt etter krysset til kraftverket

Breive pumpe, 1 teljar for sykkel

Galtenvegen, 4 teljarar (2 bil og 2 sykkel), teljepunkt rett etter bommen og etter siste hytta

Nilsebuvegen, 2 teljarar (1 bil og 1 sykkel), teljepunkt ved Breiavatnet

Blåsjøvegen, 8 teljarar (4 bil og 4 sykkel, (teljepunkt ved Øvre Moen, Skreivasskleivane, Beinlei og Førrevassdammen)

Båtutsett Oddatjørndammen, 2 bilteljarar

### Samla søknad

Sum hubrokartleggingar	48.000
Sum beitekartleggingar	80.000
Sum ferdselsteljingar	297.000
Midlar avsett til innkjøp av eigne ferdselsteljarar 110.000	-
Uteståande midlar hos NINA til leige av ferdselsteljarar 50.000	-
<b>Samla sum for søknad om midlar til kartlegging</b>	<b>265.000</b>

**AU 37/25 Eventuelt**